



OSTERØY KOMMUNE  
RÅDHUSET  
5282 LONEVÅG

Dato: 23.02.2018  
Vår ref.: 2015/3451-16  
Saksbehandlar: gunaustl  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefråsegn - søknad om dispensasjon- pbl § 19 i omsynsone - planering av naustområde og etablering av kaifront - gnr 87/1, Hosanger, Osterøy kommune

Vi viser til brev datert av 01.02.2018 med sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde for kulturminnevern.

Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamar dispensasjonssaker berre med omsyn til kulturminneinteresser, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

### Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn for planering av naustområde og etablering av kaifront på gnr. 87, bnr.1, Hoshovde, Hosanger, Osterøy kommune.

Før handsaming av byggeløyve er det krav om utarbeidd detaljert plan for felt med blanda føremål, jf. reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3. Det vert her søkt om dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3. Det er i dispensasjonssøknaden synt til at ein ynskjer å planera naustområde, setje opp kaifront og 5 naust.

Planstatus er at eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hosanger sentrum er definert som byggeområde - naustområde/kontor. Sjøarealet er definert som offentlege trafikkområde - hamneområde i sjø.

Eit av føremåla med reguleringsplanen er «Å sikre verneverdige bygg og anlegg i Hosanger sentrum».

### Vurdering og innspeil

Fylkeskonservatorene har merknader til omsøkte tiltak når det gjeld omsynet til kulturminne. Vi ber om at planarbeidet legg særleg vekt på nær- og fjernverknad til Hosanger kyrkjested og Mjøsvågen som er regulert til omsynssone, vern. Vi kan ikkje sjå at dette er teke omsyn til eller omtalt i saka. Saka er ikkje vurdert frå Osterøy kommune før oversending til Hordaland fylkeskommune. Dette er uheldig fordi søknaden vert mangefull med omsyn sikring av verneverdi for Hosanger sentrum.

Vår vurdering er at området har store kulturminneverdier som er best tent med å bli teke vare på ut frå eigne kulturhistoriske kvalitetar. Området er sårbart for inngrep, og ei utbygging som dette omsøkte tiltaket legg opp til, er for delar av kulturmiljøet særleg skjemmande. Vi ber om at kommunen stiller krav til utforming og materialbruk for detaljert plan for området.

I gjeldande reguleringsplan var det viktig for Hordaland fylkeskommune, som regional kulturminnemynde, at ein i føresegnehene fekk inn § 2.6, som seier at: «*Med bakgrunn i at arealbruksføremålet «naustområde/kontor» er eit blanda føremål, med behov for tilkomst og terrenghandsaming i eit sårbart område, må det i planføresegnehene stillast krav om utbyggingsplan.*»

Minner og om reguleringsføresegns § 4, punkt 4.1 omhandlar byggjeområde for naust. Føresegna er som følger: *4.1 Det kan byggast uisolerte båthus utan loft. Utforminga skal vere i stil med byggetradisjonen for naust på staden.*

Hordaland fylkeskommune meiner at ulempene ved å gje dispensasjon er klart større enn fordelane då tiltaket vil få negative konsekvensar for dei regionale og nasjonale kulturminneinteressene. Vi minner difor om at kulturminne er ikkje-fornybare ressursar som bør takast vare på for nollevande og kommande generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd jf. kml § 1. Omsynet til føremålet med pbl § 1 vert vesentleg tilsidesett dersom det vert gjeven dispensasjon med omsyn til at: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.* Tiltaket er òg i strid i høve til at det ikkje sikrar vern av verdifulle landskap og kulturmiljø jf. pbl 3-1.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til omsøkte tiltak på – gnr/bnr 87/1, Hoshovde i Hosanger, Osterøy kommune og at kravet om detaljert plan må fyljast opp.

Vi bed om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Gunnbjørg Austrheim  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:  
Bjørgvin bispedømmekontor  
Riksantikvaren